

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

**STAD:** Haugesund sjukehus  
**MØTETIDSPUNKT:** 12.01.18 kl. 09.00 –11.30

**Styremøte var ope for publikum og presse**

---

### DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Gunnar Birkeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Tove Martha Callaghan	Medlem

### DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef

Leiar av brukarutvalet i Helse Fonna  
Laila Stensletten

### Forfall frå styremøtet

Hilde Brit Christiansen	Medlem
Helge Espelid	Medlem

**SAKLISTE**

Sak 1/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 2/18	Godkjenning av protokoll 19.12.17
Sak 3/18	Administrerende direktør si orientering
Sak 4/18	Risikorapportering ved årslutt 2017
Sak 5/18	Årleg melding 2017 Helse Fonna HF
Sak 6/18	Fullmakter i utbyggingsprosjekt

**UNDERLAG**

Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt

Saker til orientering

Sak 7/18	Eventuelt Skriv og meldingar
----------	---------------------------------

Vedlagt

Styret sitt kvarter

---

**Sak 1/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Administrerende direktør meldte eit punkt til sak 3/18 « Administrerende direktør si orientering»  
Punkt 6, Personalsak Lukka etter Helseføretakslova § 26a, andre ledd, punkt 1

**Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden ble godkjent

**Sak 2/18 Godkjenning av protokoll frå styremøte 19.12.17****Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 19.12.17

**Sak 3/18 Administrerende direktør si orientering****Open del**

### **1. Rapportering tilsynssaker**

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

### **2. Oversikt over aktuelle høyringar**

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

### **3. Utviklingsplan**

Administrerende direktør informerte om at planen er å legge fram eit utkast til «Utviklingsplan Helse Fonna HF» i styremøtet 7. mars.

Prosjektdirektør Reidun Mjør informerte om formål med planen og nasjonale føringar. Det ble orientert om demografi, sjukdomsutvikling, endringsfaktorar og forventningar. I tillegg til informasjon om samhandling fikk styret ein statusmelding om prosjektet.

### **5. Kontaktsenter**

Prosjektleder Linda Bokn orienterte om pilotprosjekt «Kontaktsenteret»  
Kontaktsenteret Pilot starta 4. oktober 2017 i kirurgisk og medisinsk klinikk (inkl Odde)

Kontaktsenteret svarer på henvendelser fra pasienter til poliklinikker på tvers. Ansatte på kontaktsenteret er henta fra sentralbord og poliklinikker. Pilot avsluttes 31. august 2018. Linda Bokn orienterte om status i prosjektet.

## **Lukka del**

### **6. Personalsak**

Administrerende direktør informerte om personalsak

## **Vedtak [samrøystes]**

Styret tok meldingane til orientering

## **Sak 4/18 Risikorapportering ved årslutt 2017**

### **Oppsummering**

Føretaksgruppa i Helse Vest har, etter pålegg i oppdragsdokument og styringsdokument, sidan 2009 gjennomført regelmessig systematisk overordna risikostyring. Risikostyringa er gjennomført i tråd med retningslinjer for risikostyring i Helse Vest. Helseføretaka skal rapportere på risiko til føretaksstyret tertialvis, og ved årslutt gjere greie for arbeidet med risikostyring i årleg melding til Helse Vest RHF.

Styret i Helse Vest RHF vedtok i styremøte den 7. desember 2016 følgjande felles mål med delmål for risikostyring i 2017 (styresak 132/16):

1. Talet på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2018
2. Uønskt variasjon og ventetider for diagnostikk og klinisk praksis skal reduserast
3. HMS er ein sjølvstøtt del av arbeidsdagen
4. Det er høgare vekst i kvart einskild føretak innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn for somatikk.

Helse Fonna har i tillegg til dei felles måla i Helse Vest vald følgjande tilleggsmål:

1. Sikre god kvalitet og rett ressursbruk i alle ledd av pasientbehandlinga
2. Helse Fonna skal halde budsjettet for 2017

Ved årsslutt er 9 av 25 risikoelement i grøn sone og 12 risikoelement i gul sone. Fire risikoelement er raude ved årsslutt. Det samla risikobiletet er uendra eller redusert gjennom året, sett bort i frå risiko ved økonomisk resultat i høve til budsjett. Administrerande direktør vil fortsetje arbeidet med å redusere risiko på dei områda som har for høg risiko.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar risikorapportering ved årsslutt til etterretning.

### **Sak 5/18 Årleg melding 2017 Helse Fonna HF**

#### **Oppsummering**

Helse Fonna skal sende ei årleg melding til Helse Vest. På bakgrunn av styringsdokumentet sender Helse Vest RHF ut ein mal som gjev grunnlag for utforminga av årleg melding.

Administrerande direktør har gått gjennom årleg melding for Helse Fonna HF med dei tillitsvalde 05.12.17, med Arbeidsmiljøutvalet 06.12.17 og med Brukarutvalet 14.12.17. Uttale frå brukarutvalet er lagt ved saka. Administrerande direktør har tatt innspel som kom i møta med i meldinga.

Grunna sakshandsaming er talgrunnlaga i meldinga henta frå styringsportalen 01.11.17. Fristen for å sende årleg melding til Helse Vest er 15.01.18.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF godkjenner årleg melding 2017 med dei endringane som kom fram i styremøtet.

### **Sak 6/18 Fullmakter i utbyggingsprosjekt**

## Oppsummering

Administrerende direktør orienterte om saka.

Styret i Helse Vest har, i samband med behandlinga av forprosjektet for SUS2023, bedt om at administrasjonen kom tilbake til styret med eit forslag til fullmaktregime for gjennomføringsfasen av utbyggingsprosjekt.

Helse Vest har til hensikt å leggje fram ei sak om dette til styret i Helse Vest RHF den 8. februar 2018. Helse Vest har derfor bedt om ein status frå helseføretaka på kva for retningsliner dei enkelte helseføretaka har.

I Helse Fonna har administrerende direktør prokura, medan styreleiar har signaturrett.

Fullmaktsmatrise for prosjektdirektør og andre tilsette i prosjektet blei lagt fram for administrerende direktør, gjennomgått i styringsgruppa og signert etter at sjølve byggefasen starta.

Prosjektdirektør kan bestille varer og tenester med omfang inntil 100.000 kroner. Administrerende direktør anviser alle innkjøp og signerer alle avtalar.

Prosessdokument for byggeprosessen blei lagt fram for styret i Helse Fonna 29.09.17 i sak 59/17. I dokumentet blir ansvarstilhøve og organisering av arbeidet, tidsplan, enterpriseform for dei ulike delenterprisene, retningsline for kostnadsstyring, fullmaktskart, kvalitetssikring, omtale av usikkerheitsvurdering, risikovurderingar og sentrale element i plan for ferdigstilling gjennomgått.

## Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF tar informasjonen om noverande fullmaktstruktur for utbyggingsprosjektet i Helse Fonna til vitande
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør innarbeide eventuelle endringar i fullmaktstrukturen for utbyggingsprosjektet i Helse Fonna i tråd med dei avgjerder som blir gjort av Helse Vest RHF, og leggje den fram for styret på nytt

## Saker til orientering

**Sak 7/18 Eventuelt  
Skriv og meldingar**

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2018
2. Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2016 Dokument 3:2 (2017–2018).  
Vil bli delt ut i møtet.
3. protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 02.10.17
4. Invitasjon til kvalitetskonferansen i Helse Vest 2018
5. Datatilsynets vurdering av svar på brevkontroll fra Helse Fonna HF- Helseforetakenes behandling av helseopplysninger til intern kvalitetssikring etter helsepersonelloven § 26 – avslutning av sak

Administrerende direktør informerte om at det var planlagt styremøte i Stavanger 07.03.18 kl. 16-18.30. Administrerende direktør informerte om at Odda sjukehus feirar 100-års jubileum i 2018 og at ein i utgangspunktet mellom anna tenker å markere dette på styremøte/styreseminar i Odda 28-29.05.18.

**Skriv og meldingar blei tatt til orientering.**

Styret sitt kvarter

Ref. Ingebjørg Kismul  
12.01.18

---

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
----------------------	------------

---

Brian Bjordal	Nestleiar
---------------	-----------

---

Sett: Hilde Brit Christiansen	Medlem
-------------------------------	--------

---

Gunnar Birkeland	Medlem
------------------	--------

---

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

---

Nina Budal	Medlem
------------	--------

---

Pål Osjord Midbøe	Medlem
-------------------	--------

---

Tove Martha Callaghan	Medlem
-----------------------	--------

---

Sett: Helge Espelid	Medlem
---------------------	--------